




15.10.2020

Planarbeid i Seljord kommune 2020-23

Planstrategi for Seljord kommune,
vedteke i kommunestyret, sak
113/20, den 15.oktober 2020





Innhald

1	Innleiing.....	2
2	Planstrategien	2
3	Plansystemet i Seljord kommune	3
	Samanhengen i plansystemet.....	3
	Definisjonar og behandling av planar	4
	Organisering av planarbeid	4
	4-årshjul og årshjul.....	5
4	Utfordringar for Seljord kommune	6
5	Nasjonale og regionale føringar for kommunal planlegging	9
	Nasjonale føringar og forventningar.....	9
	Regionale føringar og planar.....	10
6	Kva for planar har vi og kva er under utarbeiding?	10
	Kommuneplanen.....	10
	Geografiske kommunedelplanar.....	11
	Tematiske kommunedelplanar	11
	Andre planar som er under utarbeiding	11
7	Behov for endringar eller nye planar?	12
	Kommuneplanen.....	12
	Andre tematiske planar	12
8	Prioriterte planar i 2020-23	13



1 Innleiing

Seljord kommune byr på eit mangfald av moglegheiter, men har eit stramt økonomisk handlingsrom i perioden. I økonomiplanperioden fram mot 2023 må ein redusere kostnadane samt auke kommunens inntekter ved innføring av eigedomsskatt. Kommunen vil, til tross for dette, ikkje klare dei økonomiske måltala som kommunestyret har vedteke for kommunen. Samtidig står Seljord kommune ovanfor store utfordringar og prioriteringar knytt til mellom anna demografiske endringar med auke i talet på eldre, færre fødde born, klimaendringar med krav til nye kostnadskrevjande tiltak og auke i forskjellar i levekår. Seljord kommune ligg i eit nytt fylke, Vestfold og Telemark. Fylkessamanslåinga vil og prege denne kommunestyreperioden.

Kommunen har fleire verkemiddel for å påverke samfunnsutviklinga. Får vi til eit godt samspel mellom politikarar og administrasjon, og dei som bur, arbeider, driv friviljug arbeid, besøker og driv næringsverksemd i Seljord, kan vi få til mye. Målretta, felles innsats gir kraft og resultat. Samskaping og det å løfte saman er vi gode på i Seljord. Høg dugnadsinnsats og vilje til å få til større satsingar har vi lukkast med i tidligare periodar, desse erfaringane må vi taka lærdom av og bringe med oss inn i det som kan verke å vere ei krevjande tid for kommunen.

Planar er verkty for å bli einige om felles mål og prioriteringar og kva vi vil gjere for å nå måla. Planlegging skal sikre openheit, forutsigbarheit og medverknad for alle rørte partar. Planstrategien er ikkje ein plan, men legg føringar for kommunen si planlegging og prioriteringar i denne kommunestyreperioden.

2 Planstrategien

Ifølge plan- og bygningslova skal kommunestyret i starten av sin periode utarbeide ein planstrategi for 4-årsperioden. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val knytt til samfunnsutvikling, sjå [utfordringsnotat](#) for Seljord kommune, og mål og strategiar for ønska samfunnsutvikling, sjå [Samfunnsdelen Seljord kommune](#)

Planstrategien skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan skal reviderast. Rådmann tilrår at kommuneplanens samfunnsdel vidareførast slik han ligg føre. Denne planen vart utarbeidd gjennom ein god medverknadsprosess i Seljord og vart vedteken i 2017. Planen har 3 fokusområde som fortsatt er like aktuelle som når den blei vedteke.

Arbeidet med ny arealdel er i sluttspurten og kommunedelplanar for dei to store sektorane helse og oppvekst må vurderast då arbeidet med desse ikkje er starta opp, sjølv om dei var prioritert i planstrategien for førre periode.

I planstrategien ligg prinsippa for plansystemet for Seljord kommune. I kommunen er det ønskjeleg å rydde i plantypar og plannivå og styrke planane som styringsverktøy ved å forsterke koplinga mellom plan og økonomi gjennom økonomiplanen. Det er også gjennom gode planar ein får riktige styringssignal og sikrar at dei politiske prioriteringane blir omsett til tiltak.

Forslag til planstrategi skal gjerast offentleg kjent minst 30 dagar før kommunestyret si endelege behandling, jf plan- og bygningslova § 10-1.



3 Plansystemet i Seljord kommune

Samanhengen i plansystemet

Kommuneplanen er det øvste styringsdokumentet. Den består av ein samfunnsdel, ein arealdel og ein fireårig handlingsdel. Planen gir langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltning av arealressursane i eit 12-årsperspektiv. Planen er førande for meir detaljerte planar og budsjett. Det skal vere sterke koplingar mellom samfunns- og arealdel og mellom samfunnsdel og handlingsdel og økonomiplan.

Samfunnsdelen er den viktigaste overordna planen og verkty for heilskapleg planlegging for berekraftig samfunnsutvikling, politisk styring og medverknad. Langsiktige mål og strategiar.

Arealdelen omfattar heile kommunen, er juridisk bindande og skal sikre at arealbruken bidrar til å nå mål i samfunnsdelen. Består av planomtale, plankart og føresegner og er styrande for reguleringsplanar og utbyggingstiltak.

Økonomiplanen med handlingsdel for kommuneplanen skal gi ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Det skal gå tydeleg fram kva kommunen skal gjere for å nå måla i samfunnsdelen på kort og lengre sikt. Økonomiplanen skal omfatte minst 4 år og reviderast årleg.


Årsbudsjett konkretiserer økonomiplanen, er inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel.

Kommunedelplanar kan utarbeidast for geografiske område eller tema for å følge opp utvalde mål i samfunnsdelen eller konkretisere arealbruken for eit område.

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av planomtale, plankart og føresegner.

Områderegulering er ein kommunal plan som brukast der det er krav om dette i kommuneplanen og det er behov for å gi områdevis avklaringar av arealbruk. Kommunen kan overlata til andre å utarbeide planforslag.

Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område.






Definisjonar og behandling av planar

I tillegg til plan- og styringsdokument som er definert i lovverket, er det behov for andre planar. Klare definisjonar av plantypene er avgjerande for effektivitet i planlegginga og for å lette diskusjonane om kva planverky som er mest nyttige for å løyse ei utfordring. Følgande definisjonar leggst til grunn for planlegging i Seljord og er illustrert i

Figur 1:

- **Melding:** Når det er behov for å drøfte og belyse eit tema som er viktig for utvikling av kommunen, utan at det vert foreslått mål, strategiar eller tiltak.
- **Strategi:** Meir overordna enn temaplanar fordi dei ikkje utviklar tiltak og skal vise retning.
- **Temaplan:** Mest omfattande, har mål, strategiar og tiltak. Ved å definere tiltak, har temaplanar meir direkte økonomiske konsekvensar enn strategiane. For område med behov for brei medverknad, må det vurderast om temaplanen skal utarbeidast som ein kommunedelplan, med dei prosesskrav som gjeld etter plan- og bygningslova.
- **Handlingsplan:** Tiltak for oppfølging av ein allereie vedtatt strategi eller plan. Hovudutval eller formannskap vil difor i hovudsak vedta handlingsplanar. Handlingsplanar til kommuneplan/delplanar reviderast årleg som del av økonomiplanprosessen

Kvart 4. år, i forkant av arbeid med ny planstrategi, utarbeidast eit utfordringsdokument som skal innehalde ein oppdatert folkehelseoversikt jf folkehelselova §§5 og 6.




Figur 1 Definisjon av ulike samfunnsplanar (bearbeidd frå Asplan Viak)

Organisering av planarbeid


Planarbeid i Seljord kommune skal organiserast som prosjekt. Planarbeidet skal starte med ein enkel prosjektplan som avklarar mandat, plantype, organisering, ressursbruk og oppfølging etter vedtak. For å sikre at planar får reell betyding, er det avgjerande med eit system som sikrar økonomisk inndekning gjennom handlingsplanar som følgast opp i økonomiplanen.



4-årshjul og årshjul



Figur 2 viser korleis planlegging og økonomistyring heng saman gjennom året og gjennom kommunestyreperioden i Seljord kommune. Vesentleg for å lykkast med samankoplinga mellom plan og økonomi er at resultat innanfor tenesteproduksjon, organisasjon, samfunnsutvikling og økonomi vert vurdert opp mot mål i samfunnsdelen kvar vår som grunnlag for ny økonomiplan med handlingsdel.



Figur 2 Fireårshjul og årshjul for plan og økonomi i Seljord kommune

4 utfordringer for Seljord kommune

Utviklingstrekk og utfordringer for Seljord er oppsummera i eit [utfordringsnotat](#). Notatet peikar på sentrale utviklingstrekk som utfordrar kommunen som tenesteprodusent, organisasjon og samfunnsutviklar:

- Strammare økonomiske rammer, og fleire oppgåver leggest til kommunen.
- Ein negativ utvikling med nedgang i folketal, som gir færre inntekt til å løyse kommunale oppgåver
- Det desentraliserte tenestetilbodet som kommunen har vil bli utfordra.
- Ein må auke tal på arbeidsplassar og skape bulyst.
- Demografisk utvikling – fleire eldre som vil utfordre kommunen sin omsorgskapasitet
- Færre fødte born, og låg del av befolkninga i aldersgruppa 20 - 40 år.
- Klimaendringar, auka fare for flaum og skred.

Folkehelsearbeidet skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale forskjellar i helse. Kommunen skal ha oversikt over folkehelsestanden i befolkninga og legge denne oversikten til grunn for all kommunal planlegging, jf. folkehelseleva. Oversikt over folkehelsestanden er omtalt i eige [oversiktsdokument](#) som syner folkehelse utfordringar for Seljord kommune i perioden framover. Sentrale utfordringar:

- Aukande forskjellar i levekår, born i låg inntektsfamiliar og unge uføre.
- Føringer og forventningar om saumlause og tilpassa tenester, medverknad og samskaping




- Fedme, røyk og hjerte-/karsykdommar
- Låg bruk av primærhelsetenesta som følgje av psykiske lidingar og symptom.

Utfordring i samband med klimagassutslepp

Figuren nedanfor viser utvikling i klimagassutslepp i heile Seljord kommune frå 2009 til 2018. Utsleppa er oppgjeve i tonn CO₂-ekvivalentar pr år. Det er viktig å merke seg at dette ikkje gjeld Seljord kommune som organisasjon, men det gjeld heile kommunen. Gjennomgangstrafikken er med i utsleppa som gjeld sektor «vegtrafikk».

CO₂-ekv.= Måleining som vert brukt i klimagassrekneskap for å samanlikne klimaeffekten av ulike klimagassar. CO₂ er referanse. Vanlegvis tilsvare éin CO₂-ekv. klimaeffekten av eitt tonn CO₂.



Figuren viser klimagassutslepp i Seljord kommune 2009-2018. Kjelde: Miljødirektoratet


For Seljord er utsleppa frå vegtrafikk størst med ca 10.300 tonn CO₂-ekv. Jordbruket har eit utslepp på ca 6.000 tonn CO₂-ekv. Jordbruket er delt inn i 1)fordøyingsprosessar til husdyr (utslepp av metan), 2) gjødselhandtering (utslepp frå gjødsellager) og 3) jordbruksareal (utslepp av lystgass, bruk av kunstgjødsel, planterestar mm). Dette går ikkje fram av samlegrafen, og det er viktig å vere klar over målemetode både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Annan mobil forbrenning, oppvarming og avfall og avløp utgjer til saman ca 1.600 tonn CO₂-ekv. Utsleppa i Seljord har halde seg stabilt med ein liten nedgang på ca 4,5 % frå 18.907 tonn i 2009 til 18.064 i 2018.

Til samanlikning har heile Vestfold og Telemark fylke eit utslepp i 2018 på litt over 4,3 mill tonn CO₂-ekv. Industri, olje og gass utgjer over 3 mill tonn i 2018. Utsleppa har gått noko ned frå 2009.




Figuren nedanfor viser at opptaket av klimagassar for sektoren "Skog og annen arealbruk" i Seljord har gått frå -109.239 tonn CO₂-ekv. i 2010 til -96.293 tonn CO₂-ekv. i 2015. Dvs at opptaket har minka, og utsleppa har auka. Det blir bunde mindre CO₂ i skog og dyrka mark.



Kjelde: Miljødirektoratet/Nibio

Ein skog kan ha vakse seg større og teke opp karbon, medan arbeid med jord eller biomasse som rotar kan ha frigjeve CO₂ (utslepp). Dersom det er rydda skog for å gje plass til bygningar, vil det påverke opptaket.

Samanlikning av klimagassutslepp i alle dei seks kommunane i Vest-Telemark i 2018 går fram av figuren nedanfor, eininga er tonn CO₂-ekv.



For alle seks kommunane i Vest-Telemark utgjer utsleppa i 2018 ca 87.350 tonn CO₂-ekv. Vegtrafikk utgjer ca 45.000 tonn CO₂-ekv., og jordbruk utgjer 27.000 tonn CO₂-ekv. Ikkje overraskande så utgjer



vegtrafikk dei største utsleppa i dei fleste kommunane i Vest-Telemark. Vegtrafikk og jordbruk til saman står for over 85 % av dei totale utsleppa av CO₂-ekv. i Vest-Telemark. Dette er utan tvil utfordringane våre. I fire av kommunane er E134 gjennomfartsåre der mykje av utsleppa skjer. Frå 2009 har totalutsleppa i Vest-Telemark gått ned med 11 % frå 98.000 tonn CO₂-ekv. i 2009 til 87.000 tonn CO₂-ekv. i 2018.

Seljord kommune har ikkje sett seg eigne mål for reduksjon av klimagassar innan 2030, og vi har heller ikkje laga klimabudsjett eller klimarekneskap. Vestfold og Telemark fylke har vedteke at regionen skal kutte 60 % i direkte klimagassutslepp innan 2030, samanlikna med 2009. Kommunane har ein viktig rolle som politisk aktør og lokal samfunnsutviklar, myndigheitsutøvar, innkjøpar, eigar av eigne anlegg og drift av eigne anlegg. Seljord kommune må arbeide med utfordringane på klimagassutslepp i eigen organisasjon.

Klimatilpassing

Klimatilpassing handlar m.a. om å auke forståinga av dagens og framtidens klima, og å gjere tiltak eller endre praksis for å hindre ulemper av klimaendringar. Vi treng t.d. kunnskap om kvar bekkane og elvane vil gå utover breiddene sine, kvar det er auka fare for røteskade og korleis det påverkar bygningar, eller kva for nye artar eller sjukdomar som kan koma til Noreg som følgje av klimaendringar og korleis vi handterer dette. I tillegg handlar klimatilpassing om å dra nytte av fordelar klimaendringane gjev oss. Eksempel på det er innan landbruk, ved at ein kan utnytte lengre vekstsesongar (Kjelde www.klimatilpassing.no).

5 Nasjonale og regionale føringar for kommunal planlegging

Nasjonale føringar og forventningar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I [forventningane for perioden 2019-23](#) peiker regjeringa på fire store utfordringar:

- Å skape et bærekraftig velferdssamfunn
- Å skape et økologisk bærekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning
- Å skape et sosialt bærekraftig samfunn
- Å skape et trygt samfunn for alle

Regjeringa vil at FN sine 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i utfordringane, og at dei skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



FNs BÆREKRAFTSMÅL



I tillegg er det ei rekke lover og statlege planretningslinjer som legg føringar for kommunale planlegging og som kan gje grunnlag for motsegn.

Kulturmiljøpolitikken har fått ei ny stortingsmelding (Meld. St.16): *Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, berekraft og mangfald*. I den nye meldinga blir det tydeleggjort at kulturmiljøfeltet er ein viktig del av klima- og miljøpolitikken. Kultur- og naturarv er verdiar som naturleg vert sett i samanheng og utgjer ein viktig ressurs for samfunnet. Koplinga mellom kultur, klima og miljø er blitt meir aktuell gjennom klimaendringane sin effekt på kulturmiljøet. Det å ta vare på kulturmiljø kan bidra til sirkulærøkonomi og til å redusere klimagassutslepp.

Regionale føringar og planar

Fylkeskommunen er våre regionale folkevalde og har ansvar for å utarbeide regionale planar i samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen skal utarbeide sin eigen planstrategi ein gong kvar valperiode med utviklingstrekk og utfordringar i Vestfold og Telemark. Forslag til regional planstrategi har ikkje blitt sendt ut på høyring når dette dokumentet er til politisk handsaming i Seljord kommune.

Fylkeskommunen utarbeider regionale planer for ulike tema med prioriteringar og val for utvikling i regionen. Regionale planer skal leggest til grunn for kommunal planlegging og kan gi grunnlag for motsegn. Ifølgje Vestfold og Telemark fylkeskommune er det sannsynleg at regional planstrategi vil legge opp til at mange av dei gjeldande regionale planane vil bli vidareført i ny planstrategi.

6 Kva for planar har vi og kva er under utarbeiding?

Kommuneplanen


[Kommuneplanens samfunnsdel](#) for Seljord vart vedtatt hausten 2017. Planen løftar fram 3 hovudsatsingsområde for ei ønska samfunnsutvikling, med mål og strategiar innanfor desse:

- Seljord i vekst
- Det gode livsløp i Seljord



- Berekraftige Seljord

Berekraftig utvikling er eit overordna mål for samfunnsutviklinga. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på dei behova menneske har i dag utan å øydelegge framtidige generasjonars moglegheit til å dekke sine behov. Måla i samfunnsdelen vedteken i 2017 reflektera dei tri dimensjonane i berekraftig utvikling: økonomi, sosiale forhold og klima/miljø.



Arealdelen av kommuneplanen skal følgje opp samfunnsdelen. Gjeldande [arealdel](#) vart vedtatt i 2006. Planprogram for rulling av ny arealdel er godkjent, og ny plan skal etter planen vedtakast siste kvartal 2020.

Geografiske kommunedelplanar

For Seljord sentrum gjeld eigen kommunedelplan (2017). Arealpolitikken i pressområdet Seljord sentrum, er godt ivareteken gjennom denne planen, som definerer kor sentrumsføremål, fortetting av buområda og ny bustadfelt skal utviklast.

Tematiske kommunedelplanar

I planstrategi vedteken i 2016 blei det bestemt at det skulle utarbeidast to tematiske kommunedelplanar for tenestemråde Oppvekst og Helse- og omsorg. Planarbeidet er ennå ikkje starte opp, og bør difor få fokus tidlig i ny periode. Det er innfor desse sektorane at dei største endringane vil skje med stor del eldre befolkning, og ein reduksjon i tal born i skule og barnehage.

Andre planar som er under utarbeiding

- Kommunen må ha ein trafikktryggleiksplan for å kunne søke om tilskot til tiltak frå fylkeskommunen. Planen er under utarbeiding og vil bli lagt fram til politisk handsaming til hausten 2020.
- Overordna ROS-analyse for Seljord vart vedteken i kommunestyret i 2016, og det ar starta opp eit arbeid for å revidere denne. Forventa ferdigstilling er 2021. Overordnaberedskapsplan vart



vedteken i 2018 og reviderast fortløpande ved behov. Etter utbrot av Koronavirus har pandemiplanen blitt oppdatert og endra.

- Hovudplan for Vatn, avløp og overvatn handtering er straks ferdig og forventa lagt fram til politisk handsaming hausten 2020.
- Klima og miljøplan for Vest-Telemark. Vedtak om felles klimaplan for Vest-Telemark vart gjort hausten 2019 i Vest-Telemarkrådet. Planen er definert som ein interkommunal plan. Planprogrammet vert sendt på seks vekers høyring etter 1.okt. 2020. Vest-Telemarkrådet tek seg av sekretærarbeidet, og det blir leigd inn lokale personar til å skrive planen. Rapportering undervegs skjer til Vest-Telemarkrådet som er styringsgruppe. I tillegg er det tett samarbeid med ei referansegruppe som består av kontaktpersonar frå administrasjonen og politisk nivå frå kvar kommune.

7 Behov for endringar eller nye planar?

Kommuneplanen

Planressursane i perioden bør prioriterast på bakgrunn av dei utfordringane kommunen står ovanfor. Kommuneplanens samfunnsdel vart utarbeidd gjennom ein brei prosess i 2017. Dei 17 berekraftsmål som regjering peikar på i sine forventningar visar for Seljord kommune sin del, med utgangspunkt i utfordringsnotat og oversiktdokument for folkehelse, at vedteken samfunnsdel har riktige mål og strategiar også for ny kommunestyreperiode.

Arbeidet med ny arealdel vil vere avslutta tidlig i perioden og kommunedelplanar for dei to største sektorane oppvekst og helse- og omsorg bør starte snarleg då dette var prioritert i planstrategien for førre periode. Planane bør bygge opp under føringane i samfunnsdelen.

Andre tematiske planar

Planarbeid krev ressursar, og Seljord kommune har få administrative ressursar til å planlegge, og skape medverknad til gode planprosessar. Det er difor viktig at ein utarbeidar planar som omfattar dei viktige samfunnsområda, og som gir gode styringssignal gjennom mål, strategi og tiltak i utforming av tenestene. Planarbeidet bør også prioriterast nøye, slik at ein sikrar at det er tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre det planarbeidet som vert vedtatt på ein god måte.

- *Temaplan for bustadsosialt arbeid*: Det er behov for ein temaplan som avklarar behov for bustader og tenester og fastset korleis kommunen skal ivareta bustadpolitiske og bustadsosiale omsyn. Planen bør ta for m.a. bustadforvaltning, tildeling, finansiering, organisering av bustadsosialt arbeid og bustad-planlegging.
- *Digitaliseringsstrategi*: Det er venta at denne strategien skal vere ferdig innan 2020.
- *Folkehelsestrategi*: Oversiktdokumentet viser utfordringar for folkehelsa. Det er behov for ein strategi som konkretiserer korleis ein skal arbeide for å ta tak i utfordringane.
- *Plan for rehabilitering og habilitering*
- *Plan for velferdsteknologi*: det vil vere naturleg å utarbeide ein eige plan for velferdsteknologi, då temaet omfattar fleire tenesteområdet, både innan helse og oppvekst.
- *Smittevernplan med pandemiplan*: må reviderast i lys av erfaringar frå koronapandemien.



8 Prioriterte planar i 2020-23

Rådmannen si tilråding til prioritering av strategiske, overordna planar i perioden er vist i tabellen under. I tillegg vil det vere behov for fagplanar som i mindre grad omfattar politikk og ikkje er omtalt i planstrategien. Påbegynte planar er vist med feit skrift.

Planar og strategiar	Plan for vedtaksår:			
	2020	2021	2022	2023
Kommuneplanens arealdel	X	X		
Kommunedelplan for helse og omsorg	X	X		
Kommunedelplan for oppvekst	X	X		
Overordna ROS- Analyse for Seljord	X	X		
Temaplan for trafikktryggleik	X			
Hovudplan for Vatn, avløp og overvatn handtering	X			
Temaplan for bustadsosialt arbeid		X	X	
Digitaliseringsstrategi	X			
Folkehelsestrategi		X		
Plan for rehabilitering og habilitering	X			
Plan for smittevern og pandemi	X			
Plan for velferdsteknologi		X		
Handlingsplan for undervisningssektoren i Seljord kommune			X	
Digital strategi for skule og barnehage		X		
Felles klimaplan for Vest-Telemark		X		
Overordna beredskapsplan		X		
Landbruks- og beitebruksplan			X	